

Sunnylvingen

BLAD UTGJEVE AV SUNNYLVEN IDROTTLAG

Hellesylt, fredag 19. mars 1982

Nr. 6 - 5. årgang

Fylkestinget droftar

Bygdaelva tysdag

Spørsmålet om det skal gjevast løyve til å konsesjonsbehandle Bygdaelva før samla plan, kjem opp i Fylkestinget på møtet komande tysdag og onsdag. Dette opplyser Erling Rusten til «Sunnylvingen». Som kjent vedtok Fylkesutvalet på siste møtet sitt med 8 mot 7 røyster å gå inn for at elva skal konsesjonshandsamast snarast.

Erling Rusten skal møte på Fylkestinget for den upolitiske lista og vi har spurt han kva standpunkt han vil ta når saka kjem opp?


—Eg ser det som viktigast at saka får bero ei stund enno, før det eventuelt vert gjeve løyve til konsesjonshandsaming, seier Rusten. — Det er enno ei mengd spørsmål som må avklarast i saka. For det første er det heilt vesentleg kven som skal få søkje

konsesjon, enten Tussa og Tafjord, eller eventuelt Fylkeskraftverket. Det er i det heile så mykje vilkårlegheit og så mange interessegrupper som er inne i biletet, at dette må avklarast aller først seier Rusten.

Rusten fortel elles at det kan verte aktuelt at vatn i Geiranger og Stryn vert ført til kraftverk i desse bygdene, og at ein dermed kan få ei mindre utbyg-

Meir om saka på siste side

Fylkesmannen går mot turistområde i Ringdalsåsane



Fylkesmannen har no stadfesta reguleringsplanen for Ringdalsåsane. Men unnateke frå stadfestinga er området som kommunen gjennom planen hadde lagt ut til turistformål. Fylkesmannen har elles berre små merknader til planen, og har stadfesta dei fleste av paragrafane i føresegnene også. Men føresegnene som gjeld turistområdet er og tekne ut av planen.

Bygningsrådet har handsama svaret frå fylkesmannen, og har ein del merknader til dette, men vil elles avvente behandlinga i formannskap og kommunestyre. Formannskapet handsama saka mandag. Eit fleirtal på fire gjekk då inn for å anke vedtaket til fylkesmannen og be om ny handsaming. Eit mindretal på 3 er samde med fylkesmannen i at turistområdet bør gå ut av planen.

Meir om saka på siste side

☆ SEI-EVENTYR ☆

Sunnylvingane opplever i desse dagar eit småseifiske som det ikkje har vore maken til på lang, lang tid. Det heile starta tidleg søndag, då ein diger seistim jaga rauåte heilt opp i fjæra i badestranda. Folk som kom til drog opp ei mengd småsei, til og med på blank ongel, og på eit notkast tok to mann opp rundt 400 småsei. Men fisket har halde fram, og ein tek nok ikkje for hardt i når ein seier at 1000 sei er tekne opp så langt.

Meir om sei-eventyret s. 5.



SKULEKORPSBASAR I KVELD

I kveld (fredag 19.) skipar Sunnylven Skulekorps til den årvisse basaren sin, med variert program og med mange fine gevinstar.

Skulekorpset er no inne i ei »opptrappingsperiode». Vi kan mellom anna nemne at korpset no har om lag 20 aspirantar.

Desse treng skikkelege instrument og ikkje minst uniformer. Det seier seg såleis sjølv at korpset står framanfor store investeringar.

Vi vonar difor at folk vil slutte mannjamnt opp om basaren i kveld, og vise at ein vil behalde eit levedyktig skulekorps i byg-

da.

Sjå elles annonse.

—e.d.

SEKS ANBUD PÅ ALDERSHEIMEN

—Det er gledeleg stor interesse for anbuda på den nye aldersheimen, opplyser Knut A Hole til «Sunnylvingen». I alt 6 firma har lagt inn anbud på hovudentreprise, og det er vel grunn til å tru at det vil verke gunstig for byggherren.

Dei 6 firma som har levert inn anbud på hovudentreprise er: Jernbeton A/S, Ålesund, Brødr. Aakvik, Ålesund, Høyer Ellefsen A/S, Sandane, R, Tomasgard, Hornindal, Opsvik Bygg,

Stranda og Gustav og John Hagen, Stryn.

Hole fortel elles at mellom 20 og 30 firma har levert inn anbud på underentrepriser. Anbudsofning vert 5. april.

Premieinntektene våre blir plasserte i bankane i distriktet og kjem derfor distriktet til gode.



GJENSIDIGE
forsikring



NAF

INDRE SUNNMØRE
GJENSIDIGE
BRANNTRYGDELAG

Forsikringskontoret
for fjordbygdene
Tlf. 60 246 - 60 418
Stranda

IVAR BJARNE TRONSTAD NY FORMANN I MJØLKELAGET

Tysdag 9. mars vart det halde årsmøte i Sunnlyven Mjølkelag. Det var om lag 60 frammmøtte. Ved vala sa formannen i laget, Nils P Frøysa, frå seg attval, og som ny formann vart vald Ivar Bjarne Tronstad. Nestformann er Oddvar Tynes og styremedlem Lars P Korsbrekke. Som ut-sendingar til årsmøtet i Sunnmøre Meieri vart desse valde: Ivar Bjarne Tronstad v/rep. Håkon Kjellstad. Gjertrud Røyrhus v/rep. Solveig Sæter. Ingeborg Korsbrekke v/rep. Elsa Ljøen.

Fred. Helset v/rep. Fred. Stadheim.

Arvid Frøysadal v/rep. Nils F Frøysa.

Ingebjørg Hole v/ rep. Ester Bjørdal.

Årsmøtet hadde heller ingen merknad til at Jon Myskja vart attvald som formann i Sunnmøre Meieri og at Karstein Standal vart attvald som ordførar i rådet for meieriet.

Rasmus I Røyrhus, som er styremedlem i Sunnmøre Meieri, orienterte om den daglege drifta ved meieriet. Han nemnde m.a.

at det har vore vanskeleg å produsere kvalitetsmessig god Norvegiaost ved nyanlegget i Ørsta. Derimot var kvaliteten på Edamerost god, og Ørsta skal no produsere all Edamerost som skal produserast i heile landet.

Rekneskapen til Sunnmøre Meieri viser eit bra resultat, og det kan betalast ut 12 øre pr. liter i etterskot både for ku- og geitmjolk.

Kostnaden med tilbygget ved avdelinga i Sunnlyven vart om lag 1 million kroner høgare enn det opprinnelege kostnadsoverslaget, og kom opp i ca. 3.5 mill. kroner

Avdelingsstyrar Ste n fortalde om det nye som har skjedd ved meieriet i Sunnlyven (og som vi tidlegare har presentert i »Sunnlyvingen»). Sten var godt nøgd med utbygginga som har vore, og innkøyringa av anlegget har gått bra. —Det som no står att, sa Sten, er å forbetre anlegget for produksjon av brunost.

Det vart og på møtet fortalt at Sunnmøre Meieri skal innføre ei ordning slik at produsentane kan ha låneinnskot i Sunnmøre Meieri. Dette vert ei heilt friviljug ordning, og det vart ikkje rekna med at ein ville gå Sparebanken i næringa i denne saka.

Etter servering av rjomegraut og kaffi, fekk husdyrkonsulent Skrøvsset ordet for å orientere om bonusordninga og topri-systemet for mjølka. Han snakka og om mjølkekvalitet og om kva som kan gjerast på det området. Han la fram tal som syner stor betring i mjølkekvaliteten. Han nemnde og spørsmålet om topri-system på kraftfor, og meinte at om det kom, måtte bøndene gå over til å dyrke meir grovfor.

Avdråtten i Fjøs kontrollen ligg over gjennomsnittet for landet, men kraftforprosenten er høg, 45,9%.

Etter møtet var det omvisning på meieriet for dei som var interesserte.

Ref.

AUKA PRODUKSJON.

Ved Sunnmøre Meieri avd. Sunnlyven vart det i 1981 produsert 507 tonn kvitost som er ein liten nedgang frå 1980. Vidare vart det produsert 529 tonn brunost, som er ein auke, og 114 tonn søst, som er ein auke frå 1980.

Innkøyringa av nyanlegget har gått greitt, og Rasmus I Røyrhus rosa og dei tilsette ved meieriet for den innsats og det arbeid dei har utført i produksjonen under til dels vanskelege og trange tilhøve tidlegare.

PRODUKSJONSDEMPANDE TILTAK.

Sjolv om auken i mjølkeproduksjonen på landsbasis vart lavare enn venta i 1981, ca. 1 %, vil dei produksjonsdempande tiltaka som bonusordning, halde fram både i -82 og -83. I 1983 vil ein truleg i tillegg til bonus få innført ein literpris på kr.1,- på leveranser over bonusgrensa. F.S.

RESULTAT FRÅ GEITKONTROLLEN

I 1981 var det med i geitkontrollen i Sunnlyven 9 buskappar med i alt 685 årsgeiter. Middelaavdrått pr. geit var 588 kg. måle-mjolk. Middell for Sunnmøre Meieri er 592 kg.

Tala står for årsgeiter, målemjolk, % fett, % protein og leverings %.

Otto Tronstad	68,8	770	867	3,4	2,8	97
Peder Ringdal	76,6	695	798	3,2	2,8	94
Ola Røyrhus	95,4	615	692	3,3	2,8	94
Karl Stadheim	78,6	610	731	3,0	2,6	96
Ole Hellebostad	41,4	570	670	3,0	2,8	102
Rasmus Røyrhus	97,6	570	668	3,1	2,7	89
Sverre Ringdal	82,4	541	648	3,0	2,7	94
Ingebrikt Ljøen	74,8	510	572	3,4	2,7	87
Erling Ljøen	69,5	409	461	3,4	2,8	99



Geiter over 1000 kg mjolk

Tala står for nr. og namn på geita, kg mjolk, % feitt, % protein, far til geita og eigar.

834 Snøsa	1190	3,5	2,7	2961	Per Ringdal
824 Trinelisa	1185	2,4	2,6	1562	Per Ringdal
810 Fela	1172	2,1	2,6	1848	Per Ringdal
830 Leikny	1120	2,6	2,8	2122	Per Ringdal
836 Liakvit	1058	2,9	2,8	3318	Per Ringdal
913 Mina	1045	2,9	2,7	3765	Per Ringdal
914 Atene	1036	3,2	2,4	1629	Otto Tronstad
617 Mari	1032	3,2	2,7	2594	Otto Tronstad
751 Kim	1031	3,3	2,7	2943	Otto Tronstad
878 Elise	1021	3,4	2,7	2936	Otto Tronstad



På biletet over står Jon J Tryggestad ved ei av brunostgrytene. På biletet under deler av pakkeanlegget for brunost.



På øvste biletet står Peder Ringdal saman med geita »Snøsa», som toppar geitkontrollen med 1070 kg. målemjolk. Eigaren fortel at faren til »Snøsa» var ein middels god bukkeringbukk frå Syvde og heitte »snøsen». No har Ringdal eit bukketje etter denne geita, og det skal inn i avlen i bukkeringen. Og namnet på det — ja det blir »Snøsar».

Over står Erling Rusten saman med »Leikny», beste kua si. Ho mjølka 9207 kg målemjolk i 1981. Og »Leikny»held berre fram med å mjølke i år som i fjor. Heile 40 kg. vog dei av henne på kontroll-dagen i februar.

Vi fekk diverre ikkje med på bileta verken Norunn Ringdal eller Kirsti Rusten. Men dei har vore med på kvar sin måte i kvar sitt fjøs og gjort sitt til , gjennom godt og nøyaktig stell, å få fram desse toppresultata i 1981.

Sunnylvingen

Ansvarleg redaktør: Lars Fivelstad
 Medarbeidar: Arne Inge Tryggestad
 Adresse: Boks 21, 6218 Hellesylt
 Bladpengar: Kr. 85,- pr. år.
 Postgirokonto: 3 54 65 53
 Bankgirokonto: 3974. 07. 02622
 Sats og montasje: Trygg Trykk, Hellesylt
 Trykk: Cylindertrykk, Sykkylven

RESULTAT FRÅ KUKONTROLLEN

I 1981 var det med i kukontrollen 31 buskpar med i alt 356 årskyr. Middelbuskparen har 11,5 årskyr. Middelavdrått pr. ku er 5518 kg mjølk med 4.12% feitt, 3,30% protein. Middeltala for Sunnmøre Meieri er 5726 kg mjølk pr. årsku, og for landet er middelen 5706 kg, så sunnylvskua ligg ca. 200 kg. under normalen.

Tala nedanfor er for årskyr, kg mjølk og feittprosent.

Arne Korsbrekke	9,0	5398	4,12
Erling Rusten	13,8	6305	3,94
Knut Hauge	8,1	5404	3,83
Ole Helset	10,8	5584	5,05
Fredrik Helset	11,8	5420	4,08
Fredrik Stadheim	12,8	5007	4,44
Per K Storstein	7,7	3816	4,12
Kolbjørn Lade	10,4	4889	4,06
Ole Brekke	11,2	5372	4,06
Nils P Frøysa	15,8	6189	3,79
Olav N Frøysa	10,9	4461	4,54
Ottar Frøysa	17,2	5747	4,20
Elling Frøysa	14,1	6613	4,12
Ola R Frøysa	16,5	6247	3,77
Nils E Frøysa	13,7	5178	3,87
Ole Hole	14,1	5796	3,87
Knut Sundgot	12,9	5462	4,12
Oddvar Tynes	11,0	6934	5,17
Jørgen Wollseter	7,3	5148	4,16
Paul K Tronstad	13,8	4820	3,78
Jon J Tryggestad	3,0	6292	4,11
Ivar Reidar Sæter	16,7	5753	3,80
Annfrid Sæter	6,7	5623	4,47
Leif L Fivelstad	7,0	5806	4,02
Knut H Hole	9,1	5302	3,87
Ivar P Tronstad	12,0	5729	4,03
Håkon Kjellstad	7,3	6220	4,29
Rolf Sæter	10,8	5234	4,04
Sverre P Røyrrhus	22,0	5908	4,94
Steinar Røyrrhus	8,8	4357	4,12
Lars P Korsbrekke	9,9	5041	4,22

Kyr over 8000 kg. mjølk

Tala står for målemjøl, mjølk, % feitt, % protein, far nr., og eigar.

59 Leikny	9207	8634	4.4	3.5	1437	Erling Rusten
83 Tulipane	8449	8577	3.9	3.3	2191	Leif Fivelstad
32 Staselin	8444	7648	5.0	3.1	2144	Ole Helset
67. Haugtussa	8346	9155	3.3	3.2	2315	Erling Rusten
161 Soprei	8004	8140	3.7	3.5	2064	Elling Frøysa
104 Fløy	8002	7854	4.1	3.4	1754	Nils P Frøysa

Saukontrollen

Det er no 7 medlemmar i sauekontrollen i Sunnylven, og avdråttan for kvar vinterfora sau har auka for kvart år.

Tala nedanfor står for vinterfora sauer, lam pr. vinterfora sau om hausten, lammevekt, avdrått pr. vinterfora sau.

RASE : DALA

Erling Ljøen	15	1.00	46.7	46.7
Ingebrikt Ljøen	18	1.22	46.3	56.6
Leif Fivelstad	9	1.44	47.3	68.3
Oddmund Fivelstad	5	1.40	48.0	67.2
Otto Tronstad	14	2.00	53.6	107.2
Johs. Kjellstad	62	1.44	42.4	60,8

RASE : RYGGJA

John Langeland	82	1.54	40.6	62.4
----------------	----	------	------	------

RASE : SPÆL

John Arne Langeland	37	1.54	43.2	66.5
Johs. Kjellstad	36	1.58	39.5	62.5

INTERESSANT OM HELSEKOST

Det vart ein svært vellukka helsekostkveld i regi av Sunnylven sanitetslag 12. mars. Rundt 40 hadde funne vegen til sanitetshuset for å høyre rektor Ingeborg Røyrrhus kásere over emnet Ernærning, helse og vektreduksjon.

Røyrrhus reiser rundt med dette foredraget i samband med den ernæringskampanjen som nyleg er starta opp. I foredraget snakka ho og varmt for eit fornuftig kosthald, der ein slår av på forbruket av feitt og sukker og aukar forbruket av fiberhaldig mjølmat. Men Røyrrhus streka under at ein dermed ikkje trong gje avkall på festmåltida, berre ein i det daglege kosthaldet nytta sunn og ernæringsmessig rett mat.

Røyrrhus orienterte elles om Ernæringsmeldinga, og sa i den samanheng at maten eigentleg ikkje er så dyr i dag. Samanlikna med til dømes 30 år tilbake, nyttar folk i dag ein prosentvis mindre del av inntekta si til mat enn dei då gjorde.

Sanitetslaget baud på grove rundstykke, salat og te etter foredraget, og ei rask utloddning gav rundt kr. 500,- i kassa.



Rektor Ingeborg Røyrrhus heldt eit interessant foredrag med tittelen «Ernærning - helse - vektreduksjon, for om lag 40 tilhøyrarar på sanitetshuset.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET

Stranda kommune har vedteke å endre dyrkingstilskotet.

Fulldyrking 100 % (finansieringsbruk) vert avgrensa til kr. 650 pr. da.

Fulldyrking 80% (vanlege bruk) vert tilskotet avgrensa til 650 kroner pr. da.

For grøfing vert tilskotet avgrensa til kr. 310,-

Tilskotet til senkings- og lukingsarbeid går ut av planen. Endringane vert gjort gjeldande frå 1.1. 1982. Men planar som er godkjende av landbruksnemnda pr. 31.12.81 skal ha tilskot etter gamle satsar.

Stranda kommunestyret har no godkjent vedtaket i formann-

skapet angående treningsbana ved Sunnylven skule. Etter ved-

taket i kommunestyret skal bana vere 45 x 90 meter rekna frå det reguleringsmessige grøntareal

Det kan ligge til rette med utviding nedover til industritomta (60 x 90), utviding her må vere kommunen uvedkomande.

Det vert vidare gjeve løyve til å ta opp noverande handballbane. Området skal oppfresast og lagrast på ein nærare tilvist plass. Idrottslaget skal sjølv stå som byggherre.

Av midlane til førebyggjande ungdomsarbeid er Sunnylven sanitetslag tildelt kr. 2.500,-. Pengane skal gå til drift av

6-års klubben.

Tronstad grendalag og Bjørdal grendalag har fått avslag på sine søknadar.

Stranda kommunestyre har hatt framlegget til endringar i Odels- og Konesjonslova til uttale. Eit fleirtal i kommunestyret uttalar at kravet om bo og driveplikt må haldast oppe, men at den såkalla »bordet fangar» paragrafen må opphevast og angrefrist innførast. Eit fleirtal uttalar og at Stranda kommune ingen dårlege røynsler har hatt med dei to lovene, og at dei derfor ser ingen grunn til vesentlege endringar.

BASAR PÅ BJØRDAL

Bjørdal Grendalag har haldebasar til inntekt for arbeidet med grendahuset. Og laget fekk inn rundt kr. 4.000,- på basaren. — Eit resultat som vi er svært godt nøgde med, fortel Gunnar Vollset. Han fortel at pengane

skal gå til m.a. isolering og måling av huset, og at det skal ordnast med skikkeleg sanitæranlegg i huset. Så grenda treng gode inkomer for å makte å halde huset i god stand.

Ungdomskorps Kakelotteri under skiping

Det er starta øvingar med sikte på å skipe eit ungdomskorps. Folk som er interesserte i å vere med vert oppmoda om å møte på øvingar kvar fredag (men ikkje i dag).

Anders Langøyli kan gje nærare opplysningar.

9. klasse ved Sunnylven skule har halde kakelotteri til inntekt for skuleturen sin. Her er lista

- over dei heldige vinnarane:
1. Solfrid Lien
 2. Familien Oddbjørn Helset
 3. Huslyden Leif Fivelstad
 4. Gerd Bodil Helset
 5. Endre-garden
 6. Knut Dag Langeland
 7. Familien Høgalmen
 8. Otto Åsen

H. U. L.

NYTT

Hellesylt Ungdomslag sender desse utsendingane til Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag sitt årsmøte i Fennfjord 20-21 mars: Kari Hauso Stadheim, Odd Arne Langeland, Turid Tryggestad, m. varafolk Annvor Tryggestad, Elsa Ljøen og Arne Inge Tryggestad.

BADEHUSET

Hellesylt UL vil til våren utbetre landgangen på badehuset. Det vil bli eit arbeid kostnadsrekna til over kr. 30.000. Laget har søkt Forbrukar- og administrasjonsdepartementet om stønad til barne- og ungdomstiltak. Søknaden går til Fylkesmannen som står for fordelinga.

83 GJEKK KRETSRENN PÅ KARBØ

Søndag 7. mars skipa Sunnlyven IL til kretsrenn i langrenn i lysløypa. Rennet var for born i alderen 8 - 15 år, og heile 83 løparar fullførte rennet. Dei fekk gå i vel preparerte løyper, men det var visse smørjevanskar. Med nokre få unnatak måtte sunnlyvingane denne gongen ta til takke med beskjedne plasseringar. Men vi noterer fine resultat av Solgunn Nybø, Knut Dag Langeland og Peggy Anita Tronstad.

Resultata:

Gutar 9 år:

1. Tor Inge Karlstad, Sykkylven 7,03. 2. Øyvind Skorgevik, Emblem 7,05. 3. Jørn Ove Hjelle, Lauparen 7,12. 4. Jan Eldar Skaret, Sykkylven 7,14. 5. Jan Erik Westerås, Stranda 7,21. 6. Geir Egil Kristiansen, Volda 7,23. 7. Frode Smevold, Sykkylven 7,25. 8. Ronny Bjørdal, Volda 7,33. 9. Tore Rusten, Sunnlyven 8,33.

Jenter 9 år:

1. May Britt Åm 7,16. 2. Edith Sætre, Sykkylven 7,48. 3. Berit Flemmen, Ikornnes 7,49. 4. Anita Gjelstad, Emblem 7,57. 5. Ragnhild Åsen, Sunnlyven 9,29. 6. Randi Kathrin Tronstad, Sunnlyven 10,11. 7. Brynhild Tryggstad, Sunnlyven 10,19.

Gutar 8 år:

1. Ronny Norangshol, Norangdal 7,31. 2. Stein Arne Foss, Emblem 7,47. 3. Robert Dybvik, Ikornnes 7,52. 4. Pål Henning Kvalsvik, Sykkylven 8,54. 5. Gunnar Fivelstad, Sunnlyven 9,20. 6. Peder Helset, Sunnlyven 9,23. 7. Ole Kristian Helset, Sunnlyven 10,35.

Jenter 8 år:

1. Peggy Anita Tronstad, Sunnlyven 8,51.

Gutar 10 år:

1. Arild Aure, Sykkylven 6,42. 2. Kjetil Hjellegjerde, Sykkylven 6,52. 3. Bjørn Tore Foss, Emblem 6,59. 4. Andre Johan Ringdal, Stranda 7,03. 5. Bjørn Andre Ose, Volda 7,38. 6. Karl Johan Tronstad, Sunnlyven 7,50. 7. Vidar Even Leite, Sunnlyven 8,13.

Jenter 10 år:

1. Karin Hesseberg, Emblem 7,06. 2. Solgunn Merete Nybø, Sunnlyven 7,44. 3. Stina Langdal, Ikornnes 7,51. 4. Kjersti Langeland, Sunnlyven 8,37. 4. Brit Torunn Rusten, Sunnlyven 8,37. 6. Ann Kristin Langeland, Sunnlyven 8,52.

Gutar 11 år:

1. Tim Stur Wilhelmsen, Sykkylven 6,24. 2. Nils Petter Dyrkorn, Lauparen 6,45. 3. Magnus Gåsvik, Volda 6,48. 4. Bjarte Andreassen, Ikornnes 6,56.

5. Roy Even Dyb, Ikornnes 7,08. 6. Per Ivar Liid, Liabygda 7,24. 7. Einar Ellingsen, Ikornnes 7,25.

Jenter 11 år:

1. Janne Hesseberg, Emblem 6,46. 2. Elisabeth Lote, Sykkylven 6,56. 3. Marianne Hjelle, Lauparen 7,02. 4. Beate Sellereite, Norangdal 7,10. 5. Ellisiv Knardal, Volda 7,12. 6. Peggy Sætre, Sykkylven 7,14. 7. Ann Kristin Østrem, Emblem 7,19. 8. Mette Langdal, Ikornnes 7,53. 9. Hilde Helset, Sunnlyven 8,11. 10. Hildegunn Tronstad, Sunnlyven 8,22.

Gutar 13 år:

1. Tor Lie, Stranda 12,46. 2. Frode Garlid, Hundeidvik 13,17. 3. Jan Møllerhaug, Emblem 13,39. 4. Pål Knivsflå, Stranda 14,00.

Jenter 13 år:

1. Kristin Eide, Volda 13,51.

Gutar 12 år:

1. Petter Nørve, Emblem 12,31. 2. Knut Dag Langeland, Sunnlyven 13,07. 3. Asgeir Eide, Stranda 13,14. 4. Ronny Øvregård, Ikornnes 13,57. 5. Ole Arnstein Ringdal, Sunnlyven 15,36. 6. Rune Olsen, Sykkylven 15,42.

Jenter 12 år:

1. May Jorunn Rønning, Ikornnes 13,15. 2. Bente Hermansen, Ikornnes 13,43. 3. Torild Westerås, Stranda 13,49. 4. Evy Kristin Kvalsvik, Sykkylven 14,02. 5. Mariann Ringdal, Stranda 13,42. 6. Heidi Norangshol, Norangdal. 16,00.

Gutar 15 år:

1. Are Nerem, Emblem 16,40.

Jenter 15 år:

1. Tone Hjellegjerde, Sykkylven 21,20.

Gutar 14 år:

1. Frode Dyrkorn, Lauparen 16,57. 2. Helge Østrem, Emblem 17,15. 3. Dan Ronny Wilhelmsen, Sykkylven 17,23. 4. Ronny Rønning, Ikornnes 18,28. 5. Dag Arne Hole, Stranda 18,58. 6. Ove André Årdal, Ikornnes 19,16. 7. Einar Lied, Liabygda 19,25. 8. Jan Otto Åsen, Sunnlyven 20,43.

Jenter 14 år:

1. Britt Sørland, Emblem 19,44. 2. Linda Kvalsvik, Sykkylven 23,04.



Hilde Helset legg ut frå start. Som vi ser av biletet var det stor aktivitet i lysløypa denne dagen.

Skyting:

STOR HELG FOR INGE R. FIVELSTAD

Sunnlyvingane leverte sterke resultat på Samlagsmeisterskapet i miniatyr på Stranda 13. mars. Inge R Fivelstad, Ålesund, vart samlagsmeister med 238 poeng. Andreplassen tok Terje Nybø med 235 poeng.

Inge R Fivelstad tok dermed 3. aksjeen sin i eit miniatyr- vandrekrus gjeve av samlaget, og han fekk dermed kruset til odel og eige. Det er elles berre »sunnlyvingar» som har aksje i dette kruset, i det Gunnar Tryggstad har ein og Terje Nybø 2 aksjar i kruset.

Også dei andre skyttarane i laget leverte fine prestasjonar. Mellom anna klarte både Stig Tryggstad og Arild Øksvang 2. plassar i sine klasser.

Resultat:

Kl. 4:

1. og saml. m. Inge Fivelstad 238
2. Terje Nybø 235

Klasse 3:

4. Rolf Fivelstad 222

Klasse 2:

2. Stig Tryggstad 223

Junior:

4. Nils Olav Frøysa 235

Rekrutt:

2. Arild Øksvang 244

9. Arne Storstein 239

11. Ivar Fivelstad 235

Smårekrutt:

4. Egil Jarle Frøysa 243

I Olsvika søndag fekk Ivar Hauge 23 treff og vart nr. 4 i klasse 2. Han vart og nr. 2 samanlagt i karusell 1 i kl. 2

Oddvar Tynés skaut 22 treff og Håkon Hasle 18 treff. 1. klassingen Tom Syversen fekk 15 treff.

I kl. rekrutt vart Arild Øksvang nr. 3 med 28/16, Ivar Fivelstad nr. 4 med 28/12 og Arne Storstein nr. 6 med 26/12 treff.

Juniorane Olav Elling Gausdal og Nils Olav Frøysa fekk 24 og 21 treff, og smårekrutten Olav Lade greidde 20 treff.

Vinnaren i dette stemnet var som på Stranda, Inge R Fivelstad, her med heile 29 treff.

J.E.Ø

Resultat frå det opne stemnet i Langevåg.

Klasse 1:

3. Tom Syversen 14/10
5. Asbjørn Nybø 13/6

Klasse 2:

2. Ivar Hauge 24/18
10. Oddvar Tynes 18/10
Håkon Hasle 6/2

Klasse 4:

6. Terje Nybø 26/13



Arild Øksvang (t.v.) og Inge R Fivelstad.

Treningsfotball:

GRASBANEOPNING LAURDAG

Det har vore avvikla tre treningskampar sidan sist. A-laget har gått på to braknederlag. Først vart det 0 - 8 mot Stranda på grusbana på Stranda. Sunnlyven hang godt med så lenge kreftene heldt. Men mot slutten rakna det heilt og måla trilla inn.

Kampen i Stryn gav ikkje noko særleg betre resultat. 8 - 1 vart nederlaget. Men kampen var i grunnen langt jamnare enn

resultatet skulle tilseie. Sunnlyven mangla målmann og ein utespelar måtte gå i mål. Bjørn Fiske scora Sunnlyven sitt trøstemål.

Fotballgruppa melder elles om grasbaneopning på »Leikvoll» laurdag ettermiddag mot Hornindal. Bana er no i god forfatning. Men ein tek likevel atterhald om veret. Og fotballgruppa oppmodar alle gaularar om å stille mannjamnt opp på laurdag. (kl. 14.-)



Karl Johan Tronstad i full konsentrasjon før start. To plassar bak han står Andre Johan Ringdal klar.

— HER VAR DET FISK Å FÅ!

Det eventyrlege sei-drettet var ikkje over på ein dag. I skrivande stund, onsdag kveld, er fisket enno i full gang. No dreg dei sei både frå kaia og frå Badehuset.



Det var ikkje lange pausane dei fekk desse karane mellom kvar gong ein småsei vart hivd opp på land. Biletet er frå søndag ettermiddag, då fisket var på det beste. Frå v.: Ole Ringdal, Ole Jørgen Sve, Nils Tryggestad, Kristen O Ringdal, Arnfinn Tryggestad og Rasmus Matvik.



Rauåta som vart jaga opp på stranda ved Badehuset kom inn i store mengder. I eit belte på ein halv meters breidde og 15-20 meters lengde var stranda mest heilt dekt av denne vesle krepsen.

På flo sjø kjem seistimane heilt inn mot land, og fisken bit viljug. Vi såg såleis at ein som hadde to krokjar på snøret, samstundes fekk på både ein kroppong og ein småsei, som han drog på land. På det meste talde vi opp

17 stenger på kaikanten. Ikkje berre for dei vaksne, men kanskje aller mest for ungane har dette vore stor moro. Mang ein har skaffa seg lommepengar på å dra opp småsei — fin kilosfisk — som vart vidareseilt rundt i husa for ein rimeleg penge.

Hoy til sals

PÅ STORSTEIN

Interesserte kan vende seg til Fredrik Stadheim, tlf.: 63614. John Storstein

UKENS TILBUD

HAPPY ungdomsbenk m/puter kun kr. 595,-

HAPPY skrivepult m/hyller kun kr. 595,-

ØKONOM

Tlf. 60 920

Sunnylvingen

Neste nr. kjem 2. april. Frist for stoff og annonser er tysdag 30. mars.

SKULEKORPSBASAR

på Samfunnshuset fredag 19. mars kl. 19,30.

Program:

Skulekorpset spelar.

Aspirantane.

Kjellstadguten Spelmannslag.

Strykegruppa »Sylvelin».

Flotte gevinstar.

Sal av kaffe, kaker, pølse og brus.

Hjarteleg takk til ALLE som har gjeve gevinstar.

Arr.: Sunnylven Skulekorps.

GEIT OG SAU

Dei som er interesserte i medlemskjøp av gjerdenot, må melde frå til:

Tlf. 63815, innan 23. mars

VÅRNYTT
HOS
STRA-HO-FAR



EI MENGD NYE BLUSAR OG SKJORTER
LEKRE SKJØRT FRÅ GRANDERATH OG
ALTMANN
TO- OG TREDDELTE KJOLAR FRÅ
WOLFORD
JAKKER, SKJØRT OG DRAKTER FRÅ
GEIGER
BLASERJAKKER MED SKJØRT FRÅ
CAVA
NYE BLASERJAKKER - KJOLAR
VÅRKAPPER

NY UNG MOTE

FRÅ

DRANELLA

NYE JEANS

FRÅ

atOMIC

Levi's



HUGS

Grendakvelden

LAURDAG 27. MARS, KI. 20.00

Billett kr. 40,- som inkluderer program, mat, dans

Arr.: H.U.L / Langedølene.

Sprøyte- maling

Utfører sprøytemaling
av driftsbygninger, tak
og lignende.

Rimelige priser.

Tlf.: 60925

UKENS TILBUD:

» Tangen » klar
vinserviser

÷ 15 %

ØKONOM

BRUKTBIL!

	Kr.
79 Mazda 626 2,0 DL	57.700,-
78 VW Passat LS	54.300,-
78 Mazda 818 stv.	35.700,-
78 Mazda 929 Sed.	47.200,-
77 Mazda 616 DX	35.900,-
77 Mazda 818 stv.	34.300,-
77 Opel Kadet	35.700,-
77 Ford Taunu	41.200,-
77 Volvo 245 L	56.700,-
77 Ford Escort	34.800,-
76 Audi 80 S	41.900,-
76 Mazda 929 Sed.	34.800,-
76 Ford Escort	30.800,-
75 VW Passat	32.600,-
75 Mazda 929 Sed.	29.900,-
75 Opel Kadett stv.	29.700,-
75 VW 1200	18.800,-
75 Ford Escort	22.400,-
75 Audi 100 LS	35.800,-
74 DAF stv.	17.900,-

Karstad

Stryn - (057) 71 011

Tilbud

VÅTROMSTAPET

FØR KR. 345,-

NÅ KR. 185,-

Stranda

Interiør a.s

tlf. 60 533

Traktor- dekk

Priseksempel:

6.00x16 kr. 295,-

6.50x16 kr. 310,-

7.50x16 kr. 380,-

11.00x28 kr. 1260,-

11.00x32 kr. 1389,-

11.00x36 kr. 1510,-

pluss mva.

Fritt levert. Full garanti

VICO Maskin a.s

Distriktets jordbruks-
og servicesenter

6200 Stranda

Tlf. 071 - 60 811

KARNEVAL

på Samfunnshuset laurdag 3. april.

Barn kl. 16,- (Gratis.)

Vaksne kl. 21,-. Bill.: Maskerte kr. 25,-

Umaskerte kr. 40,-

PREMIERING TIL ALLE BARN.

PREMIERING TIL DEI BESTE VAKSNE

Start med å lage kostymer no!

Arr.: H. U. L.

KLÆR TIL

Konfirmanten

DRESS

COMBISETT (m/speilfløyel jakke)

CORDDRESS

JAKKE/BUKSE

GODT UTVALG

KONFIRMANTRABATT

bestmann a.s

V-SPORT

SALG

På Stranda

NÅ ER SKI BILLIG

SPAR 100 - VIS AV KRONER

÷ 30 - 40 %

PÅ ALLE TYPER SKI PÅ LAGER



PEDER *Gjærde* A/S

6200 STRANDA - tlf. 60544

GÅVER - GÅVER - GÅVER

Vi får stadig inn nye gaver og ting til huset.

Stort utval av:

LYS - SERVIETTER - LYSRINGAR

Også smykker slipt av naturstein frå Lom.

GAVEBUA

Tlf. 60 810

S-ELEKTRO

NORGES STØRSTE ELEKTROKJEDE

**LUXOR
ANNO
1982**



LUXOR

RIGOLETTO

6718

26" farge-TV med fjern-
kontroll. Automatisk
stasjonsinnstilling, normal-
bilde-knapp og lysautoma-
tikk - er bare noen av
fordelene med denne
elegante TV. Naturligvis er
den klar for video. I tillegg
brøker den lite strøm, kun
85 watt ved normal bruk.

Stranda Handelslag

6200 Stranda

VALMET

DEMONSTRASJON PÅ HELLESYLT

VED RUTEBILSTASJONEN

LAURDAG 20.3. FRÅ KL. 10 - 15.

HM HAUGEN MOTOR

6790 Hornindal Tlf. 79 500

**Kjøttvarer
i
toppklasse**



ole Ringdal a.s

Hellesylt

Ait i BRILLER

og annan optik: kikertar, luper o. s. b.

Ait i UR

JON FRAMHUS

UR — OPTIK
6200 STRANDA



Aalesunds Sparebank

Aaheim Sparebank – Vanylven og Syvde Sparebank –
Sunnlyven Sparebank – Vestnes Sparebank

INNSKYTERVALGMØTER

I henhold til bestemmelsene i § 3-2 i våre vedteker innkalles til følgende innskytervalgsmøter:

VESTNES VALGDISTRIKTER

Torsdag 1. april 1982 kl. 17.00 i Vestnes Sparebanks lokaler, Vestnes for valg av 1 varamedlem til hovedforstanderskapet og 3 forstandere og 4 varamedlemmer til det lokale forstanderskap.

ÅLESUND VALGDISTRIKT

Tirsdag 13. april 1982 kl. 18.00 i Aalesunds Sparebanks lokaler, Kirkegata 4, Ålesund, for valg av 3 forstandere og 4 varamedlemmer.

VANYLVEN VALGDISTRIKT

Torsdag 15. april 1982 kl. 18.00 i Aaheim Sparebanks lokaler, Aaheim, for valg av 1 forstander og 3 varamedlemmer.

STRANDA VALGDISTRIKT

Lørdag 17. april 1982 kl. 12.00 i Sunnlyven Sparebanks lokaler, Hellesylt, for valg av 1 varamedlem.

Forstanderne skal velges for perioden 1982/85 og varamedlemmene for 1982.

De innskytere som bor eller har sitt virke, eller for upersonlige innskytere, sitt sete i Vestnes, Ålesund, Vanylven eller Stranda kommuner, og som har og i de siste seks måneder har hatt et innskudd i banken på minst 500 kroner, har stemmerett i det valgdistrikt de hører til.

Bare myndig person kan, som personlig innskyter eller som representant for annen innskyter, stemme ved valget. Ingen kan avgi mer enn to stemmer.

Valgbare er personlige innskytere som har stemmerett unntatt innskytere som i løpet av 1982 når aldersgrense 70 år. De som har gjort tjeneste i en valgperiode i forstanderskapet, styret eller kontrollkomiteen kan be seg fritatt.

Liste over nåværende medlemmer og varamedlemmer i forstanderskapet, med angivelse av hvem som er på valg, er lagt frem i bankens ekspedisjonslokaler.

Vi ønsker våre innskytere velkommen til valgmøtene.

Ålesund, 15. mars 1982.

AALESUNDS SPAREBANK
Erling Eriksen
Forstanderskapets formann

OPNINGSTIDER FOR BIBLIOTEKET I SUNNLYVEN


ONSDAG 1600 – 1800
LAURDAG 1100 – 1300




SMS står for «Sparing med skattefrådrag» som er vårt beste sparetilbud. No er summen du kan spare kvart år, auka til kr. 8000,- i skatteklasse 2. Skatten blir redusert med heile 40% av den oppsparte summen, altså får du kr. 3200,- mindre i skatt. I skatteklasse 1 er tala kr. 4000,- i sparesum og kr. 1600,- i spart skatt. Sparing med skattefrådrag gir ei rente på 32% (!) etter 4 års sparing, dersom du nyttar summen til bustad. Etter ti års sparing er renteutbytet 19% – altså langt betre enn ved noko anna form for sparing. Hugs at sparebanken kvar måned kan ordne gratis overføring frå din lønskonto til konto for sparing med skattefrådrag.

Sunnlyven Sparebank
– bygda sin eigen bank


TRIO- tanker for silopress- saft



5 m³ stående.



5 m³ liggende.



2,5 m³ utkjøringstank.
Lengde 2,5 m.
Høyde 1,0 m.
Bredde 1,2 m.

Bestill nå.
Prisene blir ikke lavere.
Leveringstiden blir ikke kortere.

trio
fiberplast
ystenes & co
6230 Sykkylven
Tlf. 071/51762

STRANDA KOMMUNE Tekn. etat

Med atterhald av kommune-
styret si godkjenning, skal
det tilsetast ny

ARBEIDSFORMANN

for uteseksjonen i tekn. etat.
For stillinga vert gjort gjel-
dande instruks.

For stillinga vert kravt 2-årig
tekn. fagskule bygg/anlegg,
eller tilsvarande, og røynsle
frå kommunaltekniske arbeid
og/eller røynsle frå anleggs-/
entreprenørverksemd.

For stillinga vert kravt gyldig
sertifikat samt helseattest av
ny dato.

Stillinga vert løna i ltr. 17 i
det off. regulativ (stillings-
kode 6865), og er innlemta
i kommunal pensjonsordning.
Bilgodtgjersle for bruk av ei-
gen bil i teneste vert etter re-
gulativet.

Søknad vedlagt rettkjende
kopiar av vitnemål og attes-
tar vert å sende til tekn. sjef
i Stranda, 6200 Stranda,
innan 1. april 1982.

Tekn. sjef i Stranda

STATSTILSKOT 1982 TIL LOKALE TILTAK FOR BARN OG UNGE

Det kan søkjast om tilskot til
slike tiltak:

- Leikeplassar og utbetring
av leikeområde for barn.
- Istandsetting av aktivitets-
lokaler i nærmiljøet.
- Aktivitetar for barn og un-
ge i nærmiljøet.

Søknadsskjema og nærare
opplysningar kan ein få ved å
vende seg til idrettsleiaren el-
ler sosialsjefen – tlf. 60 044.
På grunn av fristar for vidare-
sending til fylke/stat, må vi
sette søknadsfristen til 30.
mars d. å.

Søknadane skal sendast til
sosialkontoret.

Tannlege Claus Ryste

STRANDA

tek imot pasientar alle dagar.

Timebestilling i tlf. 60 702.

Adr.: 3. etg. i gamle P. I. bygget.

MOBELTILBUD 1982

VI VIL TILBY MÖBLER TIL LAVERE PRISER.

For å spare omkostningar har vi ope kun:

Laurdagar kl. 0900 – 1300

Alle möblar i utstillinga og på lageret skal seljast ut
innan utgangen av april. Det blir derfor SALG kvar
laurdag.

Tilbudspriser på nyinnkjöpte möbler startar i mars.

Stranda Möbelsalg

Tlf. 60 476 Stranda.



Ringdal & Co

Hellesylt - tlf. 63 220

Til ski-turen !

har vi nå stort
utvalg i

DAMEANORAKKER

Vendbar
m/foret nikkers
fra kr. 400,-

Anorakker fra kr. 200,-

Anorakker og nikkers
til herre og barn

Spesialpriser på
boblejakker og bukser
til hele familien.

Kom – Prøv
og bli gledelig overrasket !

Hilsen

Peco-Klær

TILBUD 15% rabatt

Frem til 31. mars får du
15% rabatt på farvebilder
fra lysbilder.

9x13cm - kr. 4,15 (4,90)

13x18cm - kr. 19,55 (23,-)

20x27cm - kr. 32,30 (38,-)

28x36cm - kr. 53,55 (63,-)



Fotograf
Vassbotn

6200 STRANDA Tlf. 60 979

Det gamle foto



Biletet vi presenterer denne gongen viser spreke sunnylvingar på skitur, truleg rundt år 1920. Vi ser at klednad og skiutstyr var av annan fasong den gong enn no. Vi veit ikkje namna på nett alle på biletet, og oppmodar lesarane til å hjelpe oss med dei. Men på biletet står Ramus O Tryggestad bak t.v., ved sida hans står Ingebrikt Ringdal, deretter ein vi ikkje kjenner, så kjem Petter O Tryggestad og lengst til høgre Karl Hellesylt. Sittjande frå v.: Inge O Tryggestad, Rasmus Litle-Ringdal. Mannen ved sidan av Rasmus kjenner vi ikkje. Men fremst på biletet sit Anton Stadheim.

Fylkestinget...

ging i bygda, med mindre skadeverknader. Med utgangspunkt i det som føreligg i saka vil det vere forhasta å søkje konsesjon no, seier Rusten.

Rusten meiner elles at spørsmålet om ei utbygging i Bygdaelva er ei sak som er koma inn frå »sidelina» og som er køyrt alt for fort fram. — Bygdefolket har verken vore motivert for eller hatt tid til å ta standpunkt i saka, seier han. Rusten viser elles til at heller ikkje kommunen har kome med nokon uttale i saka, som kan læggjast fram i Fylkestinget.

Rusten er elles av den meining at ei utbygging i Bygdaelva kjem. —Og den utbygginga bør vere for å dekke vårt eige behov i kommunen. Det ville såleis vere eit

alternativ at E-verka t.d. i Stranda og Sykkylven kunne stå føre ei mindre utbygging som ikkje trong å få negative verknader i det heile.

KOMMUNEN PÅ ETTERSLOT

—Bør ikkje kommunen kome med uttale i denne saka før ho kjem opp i Fylkestinget, ordførar Berge?

—Jau, mi meining er at kommunen bør kome med ein slik uttale, seier Berge. —Det er klart at kommunen her er på etterskot, samanlikna med saks handsaminga på fylkesplan. —Men vi har venta på ein uttale frå det kommunale energiutvalet før kommunen kjem med sin uttale, og denne har vi ikkje fått enne, seier Berge.

Fylkesmannen går mot....

Fylkesmannen kan altså ikkje godta at det planlagde området for turistformål vert med i planen, men gjer elles berre små endringar i planen. I brevet til kommunen skriv han m.a.:

— I dag har nærmiljøet større vekt både politisk og i plansamhang. Eg finn ikkje at dette med nærmiljøfunksjonar er teke tilstrekkeleg omsyn til i planen og ber difor kommunen bruke meir tid på å sjå desse funksjon-

ane samla både i og utanfor planområdet.

Eit vegkryss mot riksvegen vert elles foreslege flytta og nokre gangveggar utvida.

Bygningsrådet er ikkje nøgd med grunngevinga frå Fylkesmannen. Dei viser til den kommunale handsaminga i saka og til at turistområdet er redusert til eit minimum. Når det gjeld turistverksemda i området, viser dei og til Reiselivsplanen i kommun-

en (som går inn for ei utviding av verksemda).

Bygningsrådet viser elles til dei store utlagde friluftsområda i Ringdalsåsane, som dei meiner må oppfylle krava til dei aktuelle nærmiljøfunksjonane.

Bygningsrådet meiner at det må bli formannskap/ kommunestyre som tek opp med Fylkesmannen dei spørsmål som er knytt til turistområdet.

Grendakveld den 27.


Så er det klart for Grendakveld att. Denne årvisse hyggjekvelden som dreg folk ut av TV-stolen og samlar stappfullt Samfunns-

hus. I år vert kvelden 27. mars, og det er Langedølene som i år

har førebudd programmet. Eit program som sikkert er av klasse, men som dei av naturlege årsaker ikkje vil nemne noko om.

God mat og svingom vert det og, så vi har noko å sjå fram til.

GÅVER TIL SKULEN



På biletet ser vi hårtørkarane som er i flittig bruk av skuleungane etter gymnastikk- og svømmetimane. Alle hårtørkarane har skulen fått i gåve. Nyleg gav Hellesylt Husmorlag 4 av dei og tidlegare har skulen fått dei andre tre frå Ungdomslaget.